



Rock, fjell, kjærleik og Festidalen.

Det er ei veke til Festidalen startar opp, og bygda vert no kledd til denne storhendinga. Dei som kjem innante vert møtt av Festidalen-kunstnar Gaute Haugland sitt gedigne og flotte løvegg-måleri på Rød. I ettermiddag vart det hengt opp stolpebanner langs hovudvegen sentralt i bygda.

Under arbeidet med dette var ingen ting overlate til tilfeldighetene. Det var styreformann Sveinung M. Pile som har vore med sidan starten i 2003, og Festidalen-general dei 4 siste åra, Bjørn Olav Tveit, som stod for monteringa. I tillegg hadde dei assistanse av førstnemnde sin son, Trym. Ikkje uventa var det fjellgeita Bjørn Olav som tok seg av arbeidet i høgda medan Sveinung var bakkemannskap.

På dei fire bannera lyser no naturleg nok **rock, fjell, kjærleik og Festidalen** mot dei forbi-passerande. Ei vakker påminning!



Særdeles kvalifisert monteringspersonale.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland